

Informasjon

Perle

Februar

Dei eldste har vore i skogen 1 gong denne månaden. Og det var veldig kjekt å aka, saga og leika i «hytta». I mars vil vi grille pølser og laga pannekake i skogen. Barnehagen kjøper inn til dette.

Vi har hatt tema fargar denne månaden. Dei eldste har mala og blanda primærfargane gul- raud, raud-blå, blå-gul. Og fått fargane oransj, lilla og grøn. Dei minste har mala både inne og ute. Å mala ute var veldig kjekt. Vi har og lese eventyret om kanina som ikkje ville vere kvit lenger.

Vi har markert samefolkets nasjonaldag med å sjå film om reindrift, samedrakter, lavvo, kasta lasso. Vi har snakka om ulike bildene på plakaten vi hadde på veggen.

Mars: Vi kjem til å ha fokus på påske tradisjonar denne månaden. Vi vil snakke om kva vi gjer i påsken, så frø, kva som skjer no på våren i naturen, i tillegg til karneval og barnehagedagen.

Bruse

Februar:

Første veka hadde me tema Samefolkets dag. Det var veldig kjekt, og det verka som at ungane likte temaet godt. Dei lærte veldig mykje om samefolket. Februar var ein veldig kald månad, så det blei begrensa med utetid. Likevel hadde me nokon økter der me var ute å aka, måla på snøen og funderte over kva som skjer med vatnet når det er så kaldt. Spannande med melkekartongane som me hadde teikning i og fylte vatn i. Me hadde også trøbbel med vatn på Bruse nokre dagar pga kulden. Då hadde me arbeidskarar frå kommunen, elektrikar og røyrleggar innom. Det resulterte i flott leik – mange små røyrleggarar her nokre dagar i etterkant. Me har også hatt litt maleaktivitet der me har lært litt om fargar. Kva dei heiter, og kva som skjer når me blandar fargar. 2015 & 2016 har hatt skrivedans nokre gonger no. Det har og er veldig kjekt, og me ser at dei har ei flott utvikling.

Mars:

I mars kjem me til å vidareføre litt med fargar i veke 9 i samband med karnevalet. I veke 10 jobbar me med temaet for barnehagedagen. I veke 11 og 12 blir det aktivitetar rundt temaet påske. Me kjem til å ha dei faste aktivitetane som skuleklubb, bading, gymsal og skrivedans også i mars.

Felles

Karneval

2.mars vil vi ha karneval i barnehagen. Ungane på Perle kan kle seg ut som eit av skogsdyra i eventyret skinnvotten: kanin, ulv, rev, bjørn, villsvin, hund, mus, frosk. Bruse har tema fargar. Vi har ansiktsmaling, så dei som vil kan få male seg i ansiktet. Ungane kan komme ferdig utkledd på morgon, det er ofte veldig kjekt.

Visma app

Vi er no klar til å ta i bruk visma appen. De vil få ein epost med informasjon om bruk av visma appen. Frist for å legge inn påskefri i appen er **fredag 19. mars**. Ta kontakt om de er noko de lure på.

Barnehagedagen

9. mars er barnehagedagen i år. Tema er natur, miljø som er forankra i rammeplanen sitt fagområde «natur, miljø og teknologi. Slagordet er «**små steg for kloden**». Barnehagedagen er ei årleg markering der barnehagane åpnar dørane for å vise fram og synleggjere barnehagen sine aktivitetar og mangfald. Leik, danning, læring og omsorg er grunnleggande. Vi vil bake bollar til foreldre og ungar for å feire barnehagedagen. Håpar de har tid å stoppe litt ved henting. Men hugs at vi må vere flinke å halde 1 meter avstand. Vi blir ute denne ettermiddagen.

Tøyposar/klede

Fint om tøyposane som de fekk til jul, ligg i korga/hylla i garderoben.

Fint om dykk kan følge med på sko - strikkane på regnkle/dress ytterklede, og fyller på i byteklekorga – blaute tider framover.

